
Fra: Øystein Angelskår <oystein.angelskar@gmail.com>
Sendt: onsdag 27. februar 2019 23:57
Til: Postmottak Lindås
Emne: Spørsmål ang status på sak ref 18/2444 utviding av oppdretsanlegget "Eikeberånæ" ved Mundal i Osterfjorden

Har i fleire brev (Mail) til sakshandsamar i denne saka etterlyst kva som er "status" men får ikkje svar.

Derfor gjentar eg spørsmåla her. Kva skjer i denne saka, og kor tid? (3.jan2019).

Har Eide Fjordbruk bekrefta at der er 6 ringar som gjeld, slik som du skriv (19nov 2018)?

Eg kan ikkje sjå noko om dette eller anna nytt i denne saka i journalen. Siste som står her er ei motsegn mot saksgangen (okt2018).

Har det verkeleg ikkje skjedd noko verken politisk, frå administrasjonen eller innspel frå Sakshandsamar på fylket eller frå Eide Fjordbruk på 4 månader? Kva med rapporten frå Mattilsynet som var venta for 4 mnd sidan?

Me er mange her i området som er opptatt av kva som skjer, dette er ei stor sak for oss og berører vår kvardag vesentleg, det er mange som har komt med innspel i saka som spør seg, kva skjer. Reknar med at me har krav på svar på direkte spørsmål innan rimeleg tid?

Reknar og med at alt som vedkjem saka skal vera å finna journalen for saka?

Vonar på eit snarleg svar.

Mvh Øystein Angelskår. 97581083